# Siste vekeplan for fantastiske 7. trinn veke 25 og 26

| Tid | Måndag 15.juni | Tysdag 16.juni | Onsdag 17.juni | Torsdag 18.juni | Fredag 19.juni | Måndag 22.juni | Tysdag 23.juni | Onsdag 24. juni |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 8.30 | **Vi riggar opp i gymsalen** | **Avslutnings show/ arbeidsplan** | **Avslutnings show/ arbeidsplan** | **Avslutnings show/ arbeidsplan** | **Avslutnings show/ arbeidsplan** | Oppstart i klasserommet Arbeidsplan | **General prøve i gymsalen** | |
| 9.45 | **Avslutnings show/ arbeidsplan** | | **Aktivitets-dag/ fjelltur** Meir info kjem | | | **Fotballdag på Idar'n** | **Felles lunsj i klasserommet** | **Sommar-ferie** |
| 10.40 | **Mat og midttime** | | | | | | | |
| 11:30 | | | | **Besøksdag Mjølkeråen skule** | **Vi ryddar ut av klasserommet** | Rød: Arman, Kristian<br>Svart: Benjamin, Nathalie<br>Grøn: Elli, Olav<br>Blå: Emilie | **Fremvisning av show for skulen kl 11:45** | God sommar til herlege 7.trinn |
| 12:15 | **Utegym** | | | | | | | |
| 13:00 | | | | | | Theo<br>Kvit: Fabio, Tobias<br>Gul: Josefine | **Avslutnings show på kvelden kl 16:30** | |
| | **Slutt 13:45** | **Slutt 13:15** | **Slutt 13:30** | **Slutt 13:30** | **Slutt 13:15** | **Slutt 13:45** | | |

Hei alle saman.

Då var det tid for den siste vekeplanen frå Salhus skule! Vemodig og fint, men eg veit at elevane er klare for nye utfordringar på ungdomsskulen.

Dagane framover blir prega av øving til avslutningsshowet vårt. Innimellom skal vi rydde ut hyller og klasserom, men det blir også tid til mykje kjekke aktivitetar ute 😀

Viktige datoar framover:

- Onsdag 17. juni blir det enten fjelltur eller aktivitetsdag med 4.-6. trinn. Meir info kjem når det nærmar seg.
- Torsdag 18. juni kl 12:30 er det besøksdag på Mjølkeråen ungdomsskule. Her vil elevane bli delt opp i klassar og få møte lærarane. Vi går opp og ned, så kle dykk etter vêret.
- Måndag 22.juni blir det fotballturnering og andre aktivitetar på Idar'n. Ta gjerne med fotballsko og leggbeskyttere om du har. Alle blir delt inn i lag frå 1-7-trinn, og kvart lag får ein farge. Fint viss elevane går med ein overdel/t-skjorte med sin farge den dagen. Viss dei ikkje har det, så har vi vestar til dei. Vi avsluttar dagen med den tradisjonsrike fotballkampen mellom 7. trinn og lærarlaget. Måtte det beste laget vinne!
- Tysdag 23. juni er den siste ordinære skuledagen for 7. trinn. Vi har ein felles smørelunsj i klasserommet. Liste på kva elevane skal ta med seg, kjem i Vigilo.
  Etter midttimen viser vi showet til resten av skulen.
  Elevane kjem att på skulen ca. kl. 16.15, og det blir avslutningsseremoni i gymsalen frå kl. 16.30.

Til slutt vil eg takke både elevar og føresette for eit flott samarbeid gjennom åra på barneskulen. Det har vore ei stor glede å få følgje denne gjengen dei to siste åra, og eg er stolt av alt dei har fått til. Eg ønskjer alle lukke til vidare på ungdomsskulen og ein riktig god sommar!

Sommarhelsing frå Sandra.